



Kyrkje-nei til ny ekteskapslov

(NPK): Kyrkjerådet går mot forslaget til regjeringa om ei ny kjønnsnøytral ekteskapslov. 10 av dei 15 medlemmene i rådet meiner ekteskapet framleis berre skal gjelda for mann og kvinne.

– Vi held fast ved at ekteskapsomgrepet framleis berre skal gjelda det offisielt inngåtte og forpliktande samlivet mellom mann og kvinne. Sjølv om ein partnerskap mellom to av same kjønn på mange

måtar kan samanliknast med ekteskapet, tilseier det likevel ikkje at ein fullt ut kan tala om dei to samlivsformene som same sak, heiter det i høyringsuttalen frå Kyrkjerådet.

Mindretalet på fem støtta derimot forslaget til departementet om felles ekteskapslov med nokre reservasjonar.

Høyringsuttalen frå Kyrkjerådet blir no sendt vidare til Kyrkjemøtet, som skal ha saka opp på sitt møte 12.–17. november. (©NPK)